

Til ordføreren i Meland Kommune.

Meland Høgre registrerer med stor glede at symjebassenget på Rossland Skule snart er rehabilitert til tilsynelatande ny standard. Det same gjeld for garderobeanlegg. Dette har vert mogleg gjennom regjeringa si ekstrasatsing på vedlikehald av offentlige skular.

Dette er den einaste skulen i Kommunen som faktisk har symjebasseng, og dette er også det einaste kommunale symjeanlegget.

Meland Høgre vil retta stor takk til administrasjonen i Meland Kommune, for å nytta tildelte midlar på eit godt og naudsynt tiltak, og på ein særdeles effektiv måte, med bruk av eget fagpersonale. Ved å bruka egne ressursar, har ikkje Meland Kommune plikt å leggje arbeidet ut på offentlig anbod. Denne arbeidsmetoden har truleg spart Meland Kommune for store summer på fleire prosjekt dei siste 3 år.

Symjeanlegget vert no av ein slik kvalitet at det anlegget teknisk sett kan driftast utanom skuletida. Meland Høgre er opptatt av gode tilbod til innbyggjarane, med trivsel og helse for alle aldrar i fokus.

Det er no naturleg å tenkja at anlegget bør kunne opnast for publikum utanom skuletida. Bassenget kan til dømes driftast av frivillige organisasjonar og lag, som allereie bidrar betydelig til oppvekstvilkåra til unge, så vel som til dei vaksne sine aktivitetar.

Meland Høgre oppmodar med dette administrasjonen i Meland Kommune til å fortsetje det gode arbeidet, og vurdere ei ordning der bassenget vert opna for innbyggjarane.

Øystein Blom

Meland Høgre